



Dommar Kjærland har her blåst formål under kampen søndag (Foto: Ola Matti Mathisen)

Halvard Døssland, som har lang erfaring frå fotballen, er heilt usamd med uskedalen.no om ei avgjerd som dommar Svein Arild Kjærland frå Uskedalen tok under kampen mellom Rosendal og Odda søndag.

Han idømte eit målgjevande frispark fordi keeparen hadde hendene på ballen like utanfor 16-meteren og det meinte vi var ei vel hard straff. Døssland meiner derimot at keeparen her gjorde ein kjempejobb.

- Regelen er heilt klår og må handhevast konsekvent, Kjærland gjorde ein kjempejobb. For å ta eit anna døme:

Hvis ein vart felt innanfor 16-meteren, måtte Kjærland dømt straffe. Det er eit anna døme på konsekvent dømning, som ein ikkje bør lempa på, meiner Døssland.

Av Ola Matti Mathisen